

Referat frå møte i rådet

ved Institutt for framandspråk

Referatet er godkjent

Møtetid: onsdag 18. februar 2015, kl. 12:15

Stad: Rom 400, HF-bygget.

Følgjande personar møtte:

Fra gruppe A: Ludmila Torlakova (arabisk), Karol Janicki (vara engelsk), Myriam Coco (vara fransk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk), Brita Bryn (russisk), Åse Johnsen (instituttleiar)

Frå gruppe B: Guro Sandnes

Frå gruppe C: ingen

Frå gruppe D: Lars Ask

Victoria Jensen møtte som sekretær for rådet i Uthaug sitt fråvær.

Merknadsfrist: onsdag 11. mars 2015.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste.

Godkjent utan merknader

Sak 2 – godkjenning av referat fra rådsmøte 9. februar 2015.

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

A. Instituttleiar orienterte om utlysingar ved instituttet. IF har for tida utlyst stilling som professor/førsteamanuensis i moderne kinesisk språk og kinastudiar, samt stilling som professor/førsteamanuensis i arabisk språk og kultur i tillegg til stilling som førsteamanuensis i engelsk fagdidaktikk. Stillingane i arabisk og engelsk har søknadsfrist i mars, medan stillinga i kinesisk har søknadsfrist i april.

B. Midlar til tiltak for å betra studiekvalitet og auke rekrutteringa: IF disponerer midlar som må nyttast i 2015. Leiargruppa oppmodar folk til å søke og frist er sett til tysdag 24. februar.

Sak 4 – rekneskap for 2014 og budsjett for 2015

Instituttleiar orienterte om rekneskapen for 2014. IF hadde ved utgangen av 2014 eit underskot på om lag 250 000 kr. som er overført til 2015. Vidare vil instituttet i 2015 få tildelt færre midlar til drift, noko som fører til eit samla underskot på kr. 772 260. Dette betyr at instituttet framover må vera forsiktig med innleie av vikarar og timelærarar.

Rådet tok regnskapet for 2014 til orientering.

Budsjett for 2015

Instituttleiar orienterte om budsjettet for 2015. Det kom spørsmål om kvifor IF budsjetterer med 1,7 millionar til vikarar/timelærarar i vårsemesteret 2015, medan det for haustsemesteret 2015 bert budsjettert med 1.2 mill. Dette er fordi IF må prøve å redusera underskotet i 2015 og derfor må stramma inn på bruken av vikarar og timelærarar. Det vart reist spørsmål om det var lovleg å budsjettere med underskot, og instituttleiar svara at ein ikkje hadde noko anna val, og la fram til fire tiltak leiinga vil gjennomføra for å betre den økonomiske situasjonen. Instituttleiar ba rådet ta stilling til desse:

- (1) Instituttleiinga tek kontakt med fakultetet for å drøfta tiltak som kan betra den økonomiske situasjonen for Institutt for framandspråk. Slike tiltak kan vera tilsetjing i mellombelse stillingar der vitskapleg tilsette går av før fylte 70 år, heving av grensa for når instituttet må dekkja dei sosiale kostnadene for løn og honorar, overføring av dei faste lektorstillingane på russisk til det ordinære fastlønnsbudsjettet ved fakultetet, høgare kompensasjon til fag med få tilsette når ei stilling står ledig ved utlysing.
- (2) Instituttleiar peikar ut ei arbeidsgruppe som kartlegg ressursbruken til undervisning og eksamen på dei ulike faga og emna ved instituttet. Grappa lagar ein rapport som blir lagt fram for instituttrådet på første møte i haustsemesteret 2015. Målet er m.a. å vurdere om det er samsvar mellom talet på tilsette og ressursbruken til undervisning.
- (3) Dei store faga engelsk og spansk må normalt greia seg utan vikarar ved forskingsterminar og når stillingar står ledige. Eit unntak her er fagdidaktikk-disiplinen på engelsk, som inntil vidare treng vikarhjelp.
- (4) Følgjande toarstillingar vert ikkje erstatta når de noverande engasjementet går ut: Jacob Lothe (31.12.15), David Newby (31.12.15) og Elisabeth Tiselius (avslutta 31.7.16). Franskfaget, som har fått færre stillingar dei seinare åra, og som har undervisningskoordinatorstillinga i denne leiarperioden, får vidareføra toarstillinga til Sebastien Liautaud.

Rådet godkjente budsjettet og ber instituttleiinga følge opp dei skisserte tiltaka.

Sak 5 – Godkjenning av meldingar for 2014

Utdanningsmelding – Johnsen gikk igjennom utdanningsmeldinga for 2014 og rådet tok den til orientering med merknad om at nytt kurs i fagdidaktikk for fransk, spansk og tysk for ungdomsskulelærarar er på 10 stp. og ikkje 5 slik det står i meldinga.

Forskingsmelding – Johnsen orienterte om meldinga og rådet godkjende uten merknader.

Forskarutdanningsmelding - godkjend utan merknader.

Sak 6 – Justering i retningslinjene for instituttrådet og programstyrene

Det blir presisert i retningslinjene for instituttrådet, UUI, Forskings- og forskarutdanningsutvalet og programstyra ved IF at vitskapleg tilsette i forskingstermin ikke har møteplikt i disse organa under forskingsterminen.

Rådet vedtar å innlemme denne presiseringa i retningslinjene.

Sak 7 – Ymse

Ingen saker.

Åse Johns

Instituttleiar

Victoria Jensen
administrasjonskonsulent

